

Aktive gutar på Stølen

15.02.2017



Positive og aktive gutar på Stølen.

Onsdag ettermiddag var eg på Stølen for å snakke med dei 4 gutane frå Syria og Afganistan. Eg ville høyre korleis dei har det i Uskedalen.

Gutane har alle opphaldsløye i landet, og er busett her i bygda. Gutane snakkar godt norsk og fortel meg at dagane går med til skule på Husnes og ulike sportslege aktivitetar om ettermiddagane.

Bashar og Ataullah spelar fotball i Rosendal, har 2 treningar i veka med laget, men er stort sett på kunstgrasbanen og trenar dei andre vekedagane og. Abdul Ahad spelar volleyball på Husnes og er i tillegg eit kasttalent. Han kastar lett 70 meter med stein og bør snarast mogleg kaprast av ei friidrettsgruppe.

Bashar trivst godt med Uskedalsgutane på fotballtrening, og han ønskjer at han kan gå siste ungdomsskuleåret med dei i Rosendal. Dette ønsket vart vel ikkje redusert etter at alle gutane på Stølen vart inviterte på juleballt til Rosendal ungdomsskule og hadde ein strålande kveld der.

Gutane er opne og har det tydeleg godt med personalet på Stølen. Dei synte også mykje spontan glede då hovudansvarleg, Vigdis Gammelsæther, kom innom og fortalte at alle skulle få vere med på Trim-X på Husnes. Klemmar og blide andlet fortalte at dette var ei gladmelding.

Aktive gutar ønskjer å jobbe

Dei 4 gutane ønskjer seg ettermiddagsjobbar i Uskedalen, - for å bli betre kjende med bygda og bygdefolket, - for å få jobbe og få meir praktisk erfaring, - og for å tene nokre kroner.

Dei hadde mange jobbønske, som gardsarbeid, verkstadarbeid, butikkarbeid, vedhogging, ulike vedlikehaldsarbeid m.m.m. Det meste er av interesse for kjekke, arbeidsviljuge karar, og nokre få timer i veka vil vere ein god start.

Viss du vil gje gutane litt aktivitet og variasjon i kvardagen, ring Bufellesskapet, 90 14 24 85 og snakk med gutane og personalet om tilbodet ditt.

Det bur 4 sympatiske gutar i eit harmonisk, godt miljø på Stølen, og dei trivst og gir uttrykk for at dei har det godt i bygda vår.

Tekst og foto: Vidar Haugland

Nett: Thor Inge Døssland